

Frå Jaslengen, akvarell av Gro Bjørke

Årsmelding 2005

Innhald

side

Fjellstyre	3
Medlemmer	3
Aktivitet	3
Fjellopsyn	3
Tilsette	3
Aktivitet	3
Refusjon	3
Samarbeid – oppdrag	4
Stølsbruk	4
Stølar, beite og tilleggsjord	4
Områdetiltak.....	4
Tomtefeste	4
Næringsfester	4
Hyttefester.....	4
Bustadfester.....	4
Tomtefestelov.....	5
Kommuneplan	5
Kommunedelplan for Vaset	5
Fiske	5
Sal av fiskekort.....	5
Registreringar	6
Statusoversikt for fiskevatna	6
Småviltjakt	8
Jaktkortsal	8
Forvaltning	8
Jaktstatistikk.....	8
Elqjakt	10
Administrasjon	10
Elgtrekk.....	10
Driftsplanarbeidet.....	11
Valhall	11
Jaktstatistikk for statsallmenningen	11
Hjortejakt	12
Rådyrjakt	12
Jaktprøver	12
Tilskot	12
Tilskot frå fjellstyret:	12
Grunneigarfondet.....	12
Informasjon - tiltak for friluftsliv	12
Informasjon	12
Inatur - internettportal	13
Turkart	13
Tilrettelegging for friluftslivet.....	13
Rekruttering til friluftsliv	13
Motorisert ferdsel i utmark	13
Økonomi	14
Generelt.....	14
Tomtefeste.....	14
Resultat	14
Eigenkapital	14
Vasetfondet	15
Vedlegg til årsmeldinga:	15
Resultatrekneskap	16
Balanse	18
Revisjonsmelding.....	20

Årsmelding 2005

Fjellstyre

Medlemmer

Fjellstyret har hatt følgjande samansetning:

Leiar	Kjell Strand
Nestleiar	Kari Tyldum
Styremedlem	Hilde Berge
Styremedlem	Embrik Før
Styremedlem	Kjell Magne Snortheimsmoen

Aktivitet

Fjellstyret har hatt 7 ordinære styremøte, behandla 64 saker og vore på 1 befaring. I tillegg deltok representantar på årsmøtet for fjellstyra i Oppland, årsmøtet for fiskeanlegget FOSA, møter om kommunedelplan på Vaset, møter om stølsprosjekt, møter om driftsplan for elg m.m.

Kjell Strand er representert i styret for Norges fjellstyresamband, styret for Fjellstyra i Oppland, styret for FOSA, driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre og i Regionalt oppsynsutval. Fjellstyreleiaren har i tillegg delteke på ulike møter og befaringar.

Fjellopsyn

Tilsette

Fjellstyret har hatt følgjande tilsette i året:

Fjellopsyn I Harald Ranum i 100 % stilling.

Fjellopsyn II Endre Hemsing i 60 % stilling.

Sesongoppsyn Jon Mørstad Flotve i 1 måned

I tillegg er det leigd inn deltidshjelp i samband med tiltak for friluftslivet og fiskekulturarbeid.

Aktivitet

Fjellopsynet har ein samansett funksjon som omfattar saksbehandling, kontroll, skjøtsel, informasjon m.m. Administrasjon og saksbehandling for fjellstyret er viktigaste arbeidsoppgåve for fjellopsynet. I feltarbeidet er informasjon og tilrettelegging prioriterte oppgåver.

Fjellopsynet har representert fjellstyret i ulike samanhengar, m.a. er Endre Hemsing styremedlem i ”Prosjekt bedre bruk av regulerte vassdrag i Oppland”.

Refusjon

Etter fjellova §36 skal fjellstyret ha refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning. Refusjonsordninga er no slik at det er årleg godkjenning av budsjett på oppsynsutgifter avhengig av årlege løyvingar over statsbudsjettet. Regelverket for tildeling av refusjon skal vurderast ut frå aktiviteten i allmenningane. Fjellstyret fekk kr 222.816 (2004: 229.167) i refusjon frå staten.

Samarbeid – oppdrag

Siste år hadde ein følgjande faste oppdragsgjevarar:

- Administrasjon av driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre kommune
- Oppsyn med motorisert ferdsel i utmark for Ulnes sameige
- Fjellopsyn for Vang fjellstyre i Eidsbugarden fjelleigedom

Det er i tillegg utført ein del kortvarige oppdrag for ulike oppdragsgjevarar.

Etter fjellopsyn II gjekk ned til 60 % stilling er det ikkje rom for å ta på seg så mykje oppdrag som tidlegare.

Inntektene ved utleige av tenester er kr 85623,41 (2004: 82.537,26).

Stølsbruk

Stølar, beite og tilleggsjord

Fjellstyret har tilrådd utvisning av 11 daa inngjerda beite til sau på Soleikro. Eitt tilleggsjordstykkje på Nørre Trøllhøvd og eitt ved Kvitehaugen har fjellstyret tilrådd lagt i det fri etter det ikkje er teke i bruk innan fristen. Statskog har følgd fjellstyret sine tilrådingar.

Samla er det 297 stølar og 66 fester for kulturbeite/tilleggsjord i statsallmenning.

Områdetiltak

Saman med kommunen er det sett i gang eit forprosjekt for å vurdere om det skal setjast i verk eit områdetiltak knytt til satsing på stølsbruk. Valdres utmarkskontor er engasjert til arbeidet. Det har m.a. vorte gjennomført to opne møter og ein studietur til Lofoten. Sluttrapport frå forprosjektet blir lagt fram i 2006 og det vil då bli vurdert om ein skal satse vidare på eit hovudprosjekt.

Tomtefeste

Næringsfester

Det er ikkje oppretta nye fester for næring i 2005. Samla er det 19 fester for ulike næringsstomter i allmenningen. Det er varsla oppstart av reguleringsplan for området rundt Nøsen fjellstue med tanke på oppføring av ca 25 utleiehytter.

Hyttefester

I 2005 er det oppretta 23 nye hyttfester i Vasetlie. Samla er det 593 fester for hytter i allmenningen.

Vaset utbyggingsselskap har starta opp arbeid med reguleringsplan ved fortetting i hyttefeltet Øvre Stubbeset. Planforslaget inneheld 26 gamle hytter og 20 nye hytter. Fjellstyret tilrådde at planen vart redusert til 16 nye hytter.

Fjellstyret har frårådd ein søknad om deling av hyttefeste på Murkelie. Søknad om oppretting av vanleg fritidsfeste på jakt- og fiskebu har også fjellstyret frårådd. Statskog har følgd tilrådingane frå fjellstyret.

Bustadfester

I 2005 er det oppretta to nye bustadfester i Stubbeset bustadfelt. Samla er det ni fester for bustadar i allmenningen.

Tomtefestelov

Stortinget vedtok i 2004 endringar i festeloven. Dette førte med seg at festarane kan løyse inn tomtene til ein pris som er 30 gonger årleg festeavgift, alternativt til 40 % av tomteverdi. Endringa gjer at inntektene til fjellstyret kan gå dramatisk ned. Vi kan miste meir enn halvparten av inntektene våre. Etter regjeringsskifte hausten 2005 er det signalisert at innløysingsretten for fritidsbustad i statsallmenningar vil bli reversert. Dette vil sannsynlegvis bli vedteken i 2006. Reversering av lova vil sikre fjellstyret eit godt økonomisk grunnlag for å drive aktiv forvaltning i framtida også.

Inntil loven blir endra vil det bli gjennomført innløysing for dei som har rett til det. For 2006 er det reist krav om innløysing ei av tomt på Vaset.

Kommuneplan

Kommunedelplan for Vaset

Fjellstyret har hatt framlegg til plan til uttale. Fjellstyret var i stor grad fornøgd med planutkastet, spesielt at kommunen hadde følgd fjellstyret si tilråding om vidareføre LNF-området vest i planområdet. Det var foreslege nye område til erverv i snaufjellet mellom skiheisen og Gomostølen. Fjellstyret gjekk mot desse planane grunna omsynet til fri ferdsel og landbruksinteressene. Kommunestyret følgde tilrådinga frå fjellstyret og tok ut områda ved godkjenning av planen.

I planen vart det godkjent to nye bustadfelt, utviding av arealet til skiheis, tre område for erverv, eitt areal kombinert for erverv og fritidsbustad. Vidare er det lagt inn ny trasé for framtidig omlegging av Panoramavegen i sentrum av Vaset.

Fiske

Sal av fiskekort


Det vart selt 1503 stk fiskekort samla for innan- og utanbygdsbuande. Inkludert i dette er 127 kort (kr 22.230,00) som ikkje vart gjort opp i 2004. Grafisk framstilling for sal er korrigert for dette. Kortsalet gav ei bruttoinntekt på kr 229.830,38. Inntekta inkluderar utbetaling på kr 13.865,82 frå felleskortet "Fisking i Valdres". Inntekt ved vanleg kortsal, fråtrekt inntekt for "Fisking i Valdres" og restoppgjer for 2004, er på kr 193.734,56 (*korrigert tal for 2004 blir: kr 172.238,00*).

Fjellstyret har hatt direkte utgifter til settefisk og kulturarbeidd på kr 93.718,28 (2004: 88.064,00). I tillegg kjem arbeidet til fjelloppsynet og leigd hjelp, samt godtgjersle for innsamling av fangsstatistikk m.m.

Fiskekort vart i år selt via mobiltelefon. Dette viser seg å vera ei svært vellykka ordning som gjer at fiskekort alltid er tilgjengeleg.

Sal av kort fordelt på korttypar:

Innanbygds								Utanbygds							
Enkeltkort				Familiekort				Enkeltkort				Familiekort			
1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	Veke	År	1-d	3-d	Veke	år	1-d	3-d	veke	år
7	3	1	131	1	1		51	411	274	69	202	97	63	40	152
142				51				956				352			
195								1308							
1503															





Registreringar

I samarbeid med fiskarane blir det gjort registreringar og anna kulturarbeid. Ein får på dette viset ein meir kontinuerleg overvaking av vatna og eit sikrere grunnlag å vurdere kultiveringstiltak på. Dette er kostnadssparande og styrkjer kontakten mellom forvaltninga og brukarane av vatna.

Statusoversikt for fiskevatna

Ut frå fangstrapportane har ein satt opp følgjande fangstoversikt for 2005:



Vatn	Antal utsett aure	Status for auren	% merka aure i fangsten	Aktuelle tiltak framover
Rensenn 53 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst, litt mager fisk. Gode gyte- og oppveksttilhøve		Fylgje opp vatnet, uttaket av fisk bør aukast
Grønsenn 58 prøver	600 1-årig Grønsenn	Særs god vekst og fin aure.	36	Fylgje opp gytebekkane
Nestisvatn 0 prøver	300 1-årig Grønsenn	Særs god vekst. Framleis tynn bestand. Stor andel merka aure.	80 (2004)	Få inn fiskeprøver
Midtre Syndin 38 prøver	800 2-årig Grønsenn	Særs god og uthaldande vekst . Litt tynn bestand men ein del stor aure	47	Registrere yngel i bekkane.
Sørre Syndin 0 prøver	600 2-årig Grønsenn	God og uthaldande vekst. Tynn bestand men ein del stor aure.	83 (2004)	Fylgje med på rekrutteringa.
Storfjorden 48 prøver	10 000 2-årig	God vekst. 45 % av all rapportert aure blir fanga i Storfjorden	57	Halde fram med registrering av merka aure i fangstane.
Mosvatn 22 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst Andel fisk med parasitt er stor 64 %	14	Vurdere tiltak i høve til parasittar
Halvorstølstj /nabotj. 5 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst. Auren må kjempe hardt for plassen sin i desse tjerna. Stabil aurebestand, middels kvalitet. Rapportar om ein del stor abbor		Auka uttak av abbor er ynskjeleg.
Strøstjern 0 prøver	100 2-årig	Tett abborbestand gjev auren harde vilkår, middels vekst	100	Fiske hardt på abbor. Samle inn prøver frå aure.
Svult 4 prøver	100 1-årig Grønsenn	God vekst på auren God bestand. All fanga aure er merka.	100	Stabilisere bestand Tiltak i gytebekk
Skardstjern 0 prøver	50 1-årig	Tynn bestand eit par år, bestanden er i ferd med å ta seg opp.		Ørekytefangst Få inn prøver frå aure
Skruvletjern 2 prøver	Naturleg rekruttering	Middels god vekst, god bestand		Få inn fleire prøver frå aure
Kringeltjern 0 prøver	100 1-årig	Særs god vekst, 23 cm på 3 år. Høg k-faktor og raud kjøtfarge. Det er ikkje ørekyte i vatnet	100 (2004)	Halde vatnet reint for ørekyte.
Bjødnhøvd tj 0 prøver	100 1-årig	I 2005 er dei eldste fiskane 5 år. Det er på tide å ta dei opp		Halde vatnet reint for ørekyte Få inn fiskeprøver
Langeberg tj. 0 prøver	100 1-årig	Svært god vekst. Auren har no nådd høveleg storleik		Få inn fiskeprøver
Lomtjern 0 prøver	100 1-årig	Fiskerapportar tydar på tynn bestand		Få inn prøver frå aure. Betre gyteilhøva.

Småviltjakt

Jaktkortsal

Jaktkortsålet gav ei inntekt på kr 310.858,88 (2004: kr 292.778).

Jaktkortsal									
innanbygds		Utanbygds							
fritt kortsal		regulert sal			fritt kortsal				
U/hund	m/hund	u/hund		m/fuglehund		m/harehund	u/hund	m/fuglehund	m/harehund
		1.p	2.p	1.p	2.p				
48	37	46	37	85	81				
85		83		166		60	93	68	78
		309			239				
		548							
633									

Forvaltning

Fugl:

Utover 90 talet gjekk bestanden og avskytinga av rype ned år for år. På bakgrunn av dette reduserte fjellstyret jaktpresset ved ulike tiltak. Talet på jaktkort vart redusert med 20 %, lirypa vart freda for alle korttypar etter 10 dagar, det vart innført dagkvote på 2 liryper og 2 fjellryper og jakt etter fjellrype vart avgrensa til å gjelde over skoggrensa på Bukono- og Gilafjellet. Etter initiativ frå jeger- og fiskarlaget vart jakttida for småvilt, utanom lirype, utvida til 15. desember. Tiltaka har redusert jaktpresset på rype samstundes som vi har kunne gi jegerane eit jakttilbod. Etter tusenårskiftet har rypebestanden auka att. Jaktresultatet i år viser ein klar oppgang mot tidlegare år. Ein må tilbake til 1990 for å sjå like godt resultat.

Tidlegare meinte forskarane at jakt hadde liten innverknad på rypestamma. Nyare forskingsresultat tyder på at jakt likevel har stor innverknad, særleg i lett tilgjengeleg terreng. Dette vil stille større krav til forvaltninga av viltet i framtida, med betre tilpassa avskyting etter storleik på bestand. Fjellstyret har venta på sluttrapport frå det 5-årige "Rypeprosjektet" for å vurdere ny forvaltningsmodell. Det ser ikkje ut som denne vil koma og at det er i staden signalisert at det skal startast opp eit heilt nytt prosjekt!

Hare:


Samanlikna med 80-talet har bestanden hatt den same nedgangen som rype. Ein har ikkje endra forvaltninga vesentleg dei siste åra, men jaktpresset har gått ned i takt med redusert bestand.

Jaktstatistikk




Ut frå rapportane har ein berekna total felling til 691 ryper, 110 orrfugl og 88 harar. Tala for i fjor var 478, 100 og 99 (tala er endra litt i forhold til årsmelding for 2004 fordi det er kome inn nye rapportar). Ein oppgang for rype og orrfugl og nedgang for hare. Etter gjennomgang av innleverte vengjeprøver var produksjon av lirype på 3,2 kjuklingar pr. vaksne par.

Jaktstatistikken for mange år tilbake er usikker fordi svarprosenten har vore låg, spesielt for innanbygds jegerar. Det som gir det beste samanlikningsgrunnlaget er resultatet frå utanbygds jegerar i regulert periode og statistikken nedanfor er derfor berekna ut frå dette.




Fuglejakt:



Frå 1997 har utanbygds jegerar i regulert periode også rapportert ”sett vilt”. Tala må ikkje lesast bokstavig, men dei gjev eit inntrykk av utviklinga av småviltstamma.



Harejakt:



Elgjakt

Administrasjon

Administrasjon av elgjakta er frå 2004 administrert av fjellstyra, dette har tidlegare vorte gjort av Statskog. Søknad om elgjakt og trekking av jaktfelte skjer på Inatur, nettportalen som bl.a. Norges fjellstyresamband er medeigar i. Kontraktarbeid og fakturering blir gjort av fjellstyret.

Elgjakta gav ei inntekt på kr 122.124,80 (2004: kr 124.907,24).

Elgtrekk

Fjellstyret kjøpte i 2001 inn elgtrekk for å redusere slitasje på terreng, samstundes gir dette elgjegerane eit godt tilbud for framkjøring av elg. Dette ser ut til å fungere godt og er bra motteke av jegerane. Utleige av elgtrekken gav ei inntekt på kr 1050,00 (2004: kr 2.250,-).

Driftsplanarbeidet

Alle grunneigarlaga i kommunen har frå 1997 samarbeidd om driftsplan. Hausten 2005 var ein ferdig med tredje planperiode og har gjort mange nyttige erfaringar slik at ein har betre kunnskap til å forvalte elgstamma i framtida. Ein ny treårsplan skal vera ferdig våren 2006. Også hjort og rådyr er med i driftsplan slik at det omfattar alt hjortevilt.



Elgstamma var i sterk vekst før ein starta med driftsplanarbeidet, og ein hadde som mål å redusere veksten i stamma. To år med rekordkvoter stoppa veksten og avskytinga var stabil i tre år. Etter ein nedgang på ca 20 % for tre år sidan har den årlege avskytinga vore frå 19 til 21 dyr i statsallmenninga. Elgbeitetaksering våren 2005 syner at vinterbeitene i kommunen er hardt belasta, elgstamma bør derfor ikkje aukast. Tildelt kvote for heile kommunen i 2005 var på 105 dyr med ei felling på 84 dyr. Vaksne dyr under 150 kg blir rekna som ungdyr i driftsplansamanheng, men i offentleg statistikk må dei førast som vaksne. Derfor kan det enkelte år vera felt fleire vaksne dyr enn det driftsplanen legg opp til.

Valhall

Vestre Slidre driftsplanlag for hjortevilt er med i Valhall. Dette er eit regionsamarbeidet for elgforvaltning mellom 8 kommunar som ut frå dagens kunnskap dannar ein naturleg region for elgen. Det er fire Hallingdalskommunar; Flå, Nes, Gol og Hemsedal og fire Valdsreskommunar; Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Vang.

Det blir arrangert fellesmøter og felles gjennomgang av innsamla materiale med tilråding om avskytingsstrategi, men det er ikkje noko forpliktande samarbeid.

Jaktstatistikk for statsallmenningen



Hjortejakt

Statsallmenningen hadde kvote på ein eldre bukk. Det vart felt ein ungdyr hann. Dette er fyrste hjorten som er felt i statsallmenningen. Inntekt av hjortejakta er ført saman med elgjakta.

Rådyrjakt

Kortsalet er administrert gjennom Vestre Slidre jeger- og fiskarlag. Det vart selt 4 rådyrkort, og ingen dyr vart felt. Kortsalet gav ei inntekt på kr 800,00 (2004: kr 1200).

Jaktprøver

Det vart arrangert både vinterprøve og haustprøve. Det var ingen merknader til avviklinga av prøvene. Prøvene gav ei inntekt på kr 6.045,00 (2004: kr 9.425).

Tilskot

Tilskot frå fjellstyret:

Fjellstyret har brukt så store summar på tilskot og investeringar dei siste 2-3 åra at eigenkapitalen har vorte for liten til å drive gjennom året utan å låne pengar. Ein har derfor dei siste to åra måtte redusere tildeling av tilskot til veg og allmenntilgjeld. I året har fjellstyret gjeve kr 52.000,00 i tilskot (2004: kr 97.296).

Fjellstyret har gjeve følgjande tilskot:

Stølsprosjekt	kr	20.000,00
Stølsvegar	kr	22.000,00
Valdres forsøksring	kr	2.000,00
Sykkelprosjekt	kr	8.000,00
Sum	kr	52.000,00

Grunneigarfondet

Festeinntektene frå statsallmenningen blir delt likt mellom Grunneigarfondet og fjellstyret. Privatpersonar, kommunar, organisasjonar og andre kan søkje om tilskot eller lån til tiltak i allmenningane eller som utnyttar resursar frå allmenningane.

For 2005 var det sendt inn to søknader om tilskot frå grunneigarfondet, men ingen av dei fekk tilskot.

Det er tidlegare gjeve tilsegn om inntil kr 500.000 i tilskot til framføring av straum til stølar ved Midtre Syndin for den del som ligg i allmenning. Prosjektet med framføring av straum til Syndin har teke lengre tid enn berekna. Det er derfor gjeve utsetjing ut 2006 med å fullføre prosjektet.

Informasjon - tiltak for friluftsliv

Informasjon

Informasjon og tilrettelegging er eit prioritert arbeidsfelt for fjellstyret. Fjellstyret har internettsider (www.fjellstyrene.no/vestre.slidre) med informasjon om jakt, fiske og anna orientering om allmenningen. Frå 2003 er fjellstyrevedtak, årsmelding og offentleg ettersyn tilgjengeleg her. Internett har etter kvart vorte ei viktig informasjonskjelde og fjellstyret vil arbeide vidare for å betre sidene.

Fjellstyrt har laga til ein versjon av turkartet som er lagt ut på nettsida til fjellstyret. Dette er eit interaktivt kart med søkeboksar for hytteutleige, bedrifter, kulturminne m.m. Kartet er delvis finansiert gjennom betaling frå bedrifter som vil profilere seg på karet.

Inatur - internettportal

Internettportalen www.inatur.no er eit felles satsingsområde for Norges Skogeierforbund, Norges jeger- og fiskerforbund, Statskog og Norges fjellstyresamband. På portalen skal du kunne få informasjon og kjøpe tenester innan jakt, fiske, hytteutleige og kart.

Fjellstyret tilbyr jakt- og fiskekort på internett frå Inatur. Søknad og tildeling av elgjakt går også gjennom Inatur.

Turkart

Turkart vart revidert og trykt opp på nytt i 2003. Sal av kartet gav ei inntekt på kr 43565,38 (2004: kr 30.862,07).

Tilrettelegging for friluftslivet

Pga den økonomiske situasjonen til fjellstyret er det berre gjort mindre tiltak for friluftslivet.

Det er starta opp eit samarbeid med tre turistbedrifter for å planlegge tilrettelegging for sykkel i vestfjellet. Fylkesmannen støtta tiltaket med kr 20.000.

Rekneskapet syner det ei utgift på kr 96.365,13. Dette gjeld i all hovudsak sikring av rasteplassen på Haugvørpe frå utvasking. Arbeidet vart gjennomført i 2003, men det vart ikkje fakturert før enn i 2005. "Foreningen for Bægnavassdragets regulering" dekkja halvparten av utgiftene (kr 37.526,95).

Rekruttering til friluftsliv

Arbeidet med rekruttering av ungdomar til jakt, fiske og friluftsliv i samarbeid med skulen og jeger- og fiskarlaget er ført vidare. Det er gjennomført ein fiskedag for 6. klassane i Røn og Slidre, fiskedag ved Buaråne i juli og fiskeutsetting saman med 9. klasse. Samarbeidsgruppa har ein 30-manns lavo, båt, fiskeutstyr, turutstyr m.m. Dette utstyret blir brukt i ulike samanhengar på skulen.

Fjellstyret dekkar som tidlegare kostnadane til jegerprøven og gir gratis fiskekort for ungdom tom 20 år. Nytt for 2005 er at fjellstyret også gir gratis jaktkort for ungdom tom 20 år.

Fjellstyret har samarbeidd med kommunen om markering av friluftslivets år ved arrangementet "Fjellstafetten". Fjellstyret

Motorisert ferdsel i utmark

Ulovleg bruk av snøskuter er framleis eit problem. Dette er ei utvikling som ikkje er spesiell for Vestre Slidre, men ser ut til å utvikle seg i fleire områder. Erfaring syner at miljøet blir tøffare og politiet tilrår fjelloppsynet å vera varsam med å drive slikt oppsyn åleine.

Det trengst større samarbeid både frå fjelloppsyn, politi, SNO og kommune for å få dette under kontroll. Frå Regionalt oppsynsutval er det ynskje om snøskuterkontroll over kommunegrensene mellom politi, SNO og fjelloppsynet. Fjellstyret har vedteke å stille

fjelloppsynet til disposisjon for dette føremålet. Det vart i 2005 gjennomført ein fellesaksjon i Vestre Slidre og Vang. Representantar frå politi, Statens naturoppsyn og fjelloppsynet deltok i aksjonen.

Økonomi

Generelt

Fjellstyret er eit frittstående organ både økonomiske og administrativt. Alle inntekter frå jakt og fiske i allmenningen går direkte til fjellstyret. Festeinntektene blir delt likt mellom fjellstyret og Grunneigarfondet (administrert av Landbruksdepartementet og delegert til Statskog). Fjellstyret får dessutan refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning direkte frå staten.

Tomtefeste

Stortinget vedtok i 2004 endringar i festeloven. Dette førte med seg at festarane kan løyse inn tomtene til ein pris som er 30 gonger årleg festeavgift, alternativt til 40 % av tomteverdi. Endringa gjer at inntektene til fjellstyret kan gå dramatisk ned. Vi kan miste meir enn halvparten av inntektene våre. Etter regjeringsskifte er det signalisert at innløyingsretten for fritidsbustad i statsallmenningar vil bli reversert. Dette vil sannsynlegvis blir vedteken i 2006. Reversering av lova vil sikre fjellstyret eit godt økonomisk grunnlag for å drive forvaltning på i framtida også.


Resultat

Rekneskapet syner eit overskot på kr 410.210,42 (2004: kr 110.896,47).

Eigenkapital

Eigenkapitalen er den 31.12 kr 958.719,04 (2004: kr 548.562,19) inkludert varige driftsmidlar på kr 246.003,00 (2004: kr 270.003,00). Disponibel eigenkapital er kr 712.716,04 (2004: kr 278.559,19)


Eigenkapitalen var så låg nokre år at vi måtte låne for å drive gjennom året. Etter å ha redusert utgiftene dei siste to åra og auka festeinntekter, er fri eigenkapital så stor at dette ikkje lengre er eit problem.





Vasetfondet

Fjellstyret er tillagt administrasjon av Vasetfondet. Fondet var som ein kompensasjon for turistutbygging på Vaset og skulle brukast til tiltak knytt til stølar i området. Fondet skulle etter regelverket avviklast etter 20 år. Fjellstyret har gjeve tilsegn om tilskot til fire stølsbrukarar. Søkjarane fekk dekkja 40 % av kostnadsoverslaget på tiltaka. Fondet er i realiteten avvikla og det står berre att sluttutbetaling når tiltaka er gjennomført.


Slidre den 4.4.2006


Kjell Strand


Kari Tyldum


Embrik Før


Hilde Berge


Kjell M. Snorheimsmoen

Vedlegg til årsmeldinga:

Resultatrekneskap

Balanse

Revisjonsmelding

Resultatrekneskap

Kontonavn	År 2005	År 2004
Salgs- og driftsinntekt		
Rognsalg	7 200	9 177
Kartsalg avg. pliktig	43 565	30 862
Elgtrekk utleie	1 050	2 250
Elgjakt mva.pl.	122 125	124 907
Oppdrag utleie avg.pl	25 175	21 714
Varesalg /uttak av varer	507	547
Refunderert fellingsavgift elgjakt	7 050	7 320
Rådyrkort	800	3 000
Fiskekort utanbygds	171 552	134 153
Fiskekort innanbygds	44 413	15 855
Fisking i Valdres	13 866	
Jaktkort utanb. regulert	217 500	220 028
Jaktkort utanb. uregulert	68 404	48 600
Jaktkort innanbygds	24 955	24 150
Jaktprøve	6 045	9 425
Oppsynstj. utleie avg.fri	60 448	60 824
Vassdragreg. & premiering Bægav.	11 185	8 185
Tilskott	37 527	10 000
Refusjon oppsynutg. stat	222 816	229 164
Ufakt. oppsyn, jaktkort mm	10 200	-753
Festeavgift	733 169	508 437
Refusjon kostnader lager Vaset	3 750	
Salgs- og driftsinntekt	1 833 301	1 467 844
Varekostnad		
Kart kostnader	14 400	
Lagerending kart	15 600	20 000
Fiskekort kostnader		16 802
Varekostnad	30 000	36 802
Dekningsbidrag	1 803 301	1 431 042
Lønnskostnad		
Lønn til ansatte	453 496	444 882
Div tillegg fjelloppsyn	36 941	31 968
Lønn midlertidig tilsette	33 004	3 761
Lønn fjellstyremedlemmer	18 965	19 358
Feriepenger	62 931	57 745
Periodisert lønn & avg.		10 524
Fri telefon	4 000	4 000
Pensjon klp fri	57 018	60 628
Pensjon klp motkonto	-57 018	-60 628
Motkonto gruppe 52xx	-4 000	-4 000
Møtegodtgi. Fjellstyre	42 269	55 200
Arbeidsgiveravgift	41 156	39 543
Arb.giv.avg av påløp. Feriepenger	4 015	3 668
Aga.pl. pensjonskost	57 018	60 628
Pensjon KLP e.kap. innsk. u.aga	2 040	1 226
Refusjon av sykepenger	-2 794	-27 388

Refusjon av arbeidsgiveravgift	-179	-1 753
Yrkesskadeforsikring	2 399	2 718
Lønnskostnad	751 261	702 080
Driftskostn. og av- og nedskrivninger		
Avskriv. bygning/fast eie	10 000	11 435
Avskr. maskiner og inventar	14 000	1 355
Leie lokale	38 115	37 284
Reinhald lokale	9 036	8 648
Lys/varme lokaler	7 587	9 334
Leie datasystemer	0	6 473
Utstyr/mater.kjøp/rep	22 993	2 852
Telefon/datautstyr mm	7 124	35 488
Inventar	9 825	
Arbeidsklær og arbeidsutstyr	169	1 610
Fiskekulturarbeid	93 718	88 064
Jakt & fiskestatistikk	8 013	11 378
Jegerprøve	5 740	
Friluftsmidler	96 365	11 226
Snøscooter/elgtrekk	3 545	11 544
Diverse utgifter	2 085	3 052
Revisjonshonorar	6 875	6 820
Regnskapshonorar	24 860	36 735
Utsending fiskekort	10 788	11 315
Kontorrekvisita	9 022	11 139
Aviser, tidskrifter, bøker o l	380	1 946
Møte, kurs, oppdatering o l	3 385	3 815
Telefon fast V.S. Fjellstyre	4 160	4 804
Mobil 952 88 222	5 234	5 305
Mobil 957 04 838	3 607	5 136
Telefon fast V.S. Fjellstyre	9 912	9 557
Mobil 450 13 346 sense	273	359
Porto	6 369	6 056
Driftskostn. og av- og nedskrivninger	413 178	342 728
Annen driftskostnad		
Bil & km godtgj. oppg.pli	45 373	40 653
Diett/reise utgifter	1 083	17 805
Diett statens satser	4 680	4 600
Annen godtgj:motorsag/tlf	6 400	9 600
Provisjon kortsalg	31 764	23 425
Annonser	6 811	10 942
Internett, domene mm	6 531	2 079
Kontingent, fradragsberettiget	46 410	42 100
Tilskott stølsveg	22 000	75 000
Tilskott almenn.formål	10 000	22 296
Tilskott Stølsprosjekt	20 341	
Gaver	120	

Forsikringspremie	8 493	7 891
Styre & bedr.forsaml.møte	5 102	5 650
Bank- og kortgebyr	931	898
Purregebyr kunder/leverandør	214	20
Administrasjonsavgift jakt mm	12 399	12 651
Annen driftskostnad	228 651	275 609
Driftsresultat	410 210	110 625
Renteinntekt bank	127	287
Rentekostnad bank	1	
Rentekostnad leverandører	179	16
Netto finansposter	-54	271
Ordinært resultat før skattekostnad	410 157	110 896
Ordinært resultat	410 157	110 896
Årsresultat	410 157	110 896


Balanse


Kontonavn	år 2005	år 2004
EIENDELER		
Lager vaset	190 000	200 000
Snøscooter Polaris 800 Svitchb.	56 000	70 000
Aksjer	1	1
Valdres utmarkskontor	1	1
Langs. fordr. fosa as	1	1
Anleggsmidler	246 003	270 003
Lager kart	16 400	32 000
Kundefordringer	189 593	41 944
Negativ lønn	1 440	1 280
Opptj. ikke fakt. dr.innt	10 200	0
Tilskott MM statskog	0	45 126
Oppsyn & jaktkort	60 448	0
Lønnskorrigerings		0
Uttak & manglende bilag	0	0
2153.07.04561 driftskonto	566 329	374 871
2153.60.04669 kapitalkont	134	131
2153.07.08567 oppdragskto	10 243	13 679
2153.52.26269 jaktkort	19 400	108
2153.52.26226 fiskekort	27 472	132
Bankinnskudd for skattetrekk	63 331	67 491
Omløpsmidler	964 989	576 763
Eiendeler	1 210 992	846 766


EGENKAPITAL OG GJELD

Annen egenkapital	-958 719	-548 562
Opptjent egenkapital	-958 719	-548 562
Egenkapital	-958 719	-548 562
Leverandørgjeld	-4 932	-25 417
Forskuddstrekk	-66 435	-68 771
Fagforeningskontingent	0	0
Oppgjørskonto merverdiavgift	-41 495	-35 588
Skyldig/betalt arbeidsgiveravgift	-15 703	-16 860
Påløpt arbeidsgiveravgift	-4 004	-3 667
Forskudd fra kunder/fordel kostn.	0	
Skyldig lønn	-8 260	-630
Utlegg tilsette	-33 773	-100
Tilsette utbet. for mye	0	4 048
Skyldige feriepenger	-62 931	-57 745
Periodisert lønn		0
Påløpt kostnad og forskuddsbet.innt.	-9 740	-6 473
Avsetning tilskott veg	0	-75 000
Avsetning andre tilskott	-5 000	-12 000
Annen kortsiktig gjeld		0
Kortsiktig gjeld	-252 274	-298 203
Gjeld	-252 274	-298 203
Egenkapital og gjeld	-1 210 992	-846 766


Slidre den 4.4.2006


Kjell Strand


Kari Tyldum


Embrik Før


Hilde Berge


Kjell M. Snorheimsmoen

Revisjonsmelding

Valdres kommunerevisjon

Til
Styret i Vestre Slidre Fjellstyre

REVISJONSBERETNING FOR 2005


Vi har revidert årsregnskapet for Vestre Slidre Fjellstyre for regnskapsåret 2005, som viser et regnskapsmessig overskudd på kr 410.157 og en egenkapital på kr 958.719. Årsregnskapet består av resultatregnskap og balanse med noter. Årsregnskapet er avgitt av styret. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold, i henhold til kravene om regnskapsføring med mer i Lov om utnyttning av rettar og lunnende i statsallmenning m.m. av 6.juni 1975 nr 31 (Fjelloven) og tilhørende forskrifter.

Vi har utført revisjonen i samsvar med Fjelloven av 6.juni 1975, forskrift om delegering av myndighet etter fjelloven av 1.juli 1995, Statskogs rundskriv 1/2003 og god revisjonsskikk i Norge. God revisjonsskikk krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av lov, forskrifter og god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av fjellstyrets økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener

- at årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrift og gir ett uttrykk for fjellstyrets økonomiske stilling 31. desember 2005 og for resultatet i regnskapsåret i Norge
- at fjellstyrets tilskudd til allmenntilgunnende formål er i henhold til gjeldende bestemmelser
- at ansatte/engasjert personell har ført timelister i henhold til gjeldende bestemmelser
- at kostnader knyttet til arbeidsoppgaver som gir grunnlag for tilskudd går klart fram av fjellstyrets regnskap eller noter til regnskapet.
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.

Fagernes 30.03.2006


Ege Sandsegen
revisjonssjef / registrert revisor

Valdres kommunerevisjon
P.B.142, 2901 FAGERNES

Org.nr.976 662 121
leder er medlem av Norges Kommunerevisorforbund
og Den Norske Revisorforening

Telefon 61 35 93 31
Telefaks 61 35 90 01